

Handlingsplan for trygt og godt skulemiljø i Fjalerskulane



NULLMOBBING

DU HAR RETT TIL Å HA DET BRA

.NO

Opplæringslova

kapittel 9 A

Elevane sitt skulemiljø

§ 9 A-1

Verkeområde for kapitlet

Kapitlet gjeld for elevar i grunnskulen og den vidaregåande skulen. Kapitlet gjeld òg for elevar som deltek i leksehjelpordningar og skulefritidsordningar, men unntak av §§ 9 A-10 og 9 A-11

§ 9 A-2

Retten til eit trygt og godt skulemiljø

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.

§ 9 A-3

Nulltoleranse og systematisk arbeid

Skulen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering

§ 9 A-4

Aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skulemiljø

Alle som arbeider i skulen, skal følgje med på om elevane har eit godt og trygt skulemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg.

Alle som arbeider på skulen skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Rektor skal varsle skuleeigaren i alvorlege tilfelle.

Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, skal skulen straks undersøke saka.

Definisjon av omgrepet krenking/ mobbing:

Ein person vert krenka når han eller ho gjentekne gonger over tid, vert utsett for negative handlingar frå ein eller fleire andre personar. Det er ei negativ eller aggressiv handling når nokon med vilje påfører ein annan person fysisk eller psykisk skade/smerte ved fysisk kontakt, skriftleg/ munnleg ordbruk, blikk eller kroppsspråk.

For å kunne bruke omgrepet mobbing skal det vere ein viss ubalanse i makt- og styrketilhøvet; den som vert utsett for negative handlingar har vanskeleg for å forsvare seg og er noko hjelpelaus i høve den eller dei som plagar. Mobbing kan delast inn i to kategoriar, aktiv mobbing ved fysisk angrep og passiv mobbing ved utestenging.

Mål for arbeidet med eit godt og trygt skulemiljø i Fjalerskulane:

- Skulen har nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering.
- Skulen arbeider systematisk med kommunikasjon, sosial kompetanse og andre tiltak for å betre skulemiljøet og førebygge krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering.
- Skulen har rutinar for å avdekke krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering, og rutinar for korleis skulen handterer saker der barn ikkje har det trygt og godt på skulen.

§ 9 A-4 (fortsetjing)

Når ein elev seier at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skulen så langt det finst eigna tiltak sørgje for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Skulen skal sørgje for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i skulen sitt arbeid.

Skulen skal lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. I planen skal det stå:

- a) kva problem saka skal løyse
- b) kva tiltak skulen har planlagt
- c) når tiltaka skal gjennomførast
- d) kven som er ansvarleg for gjennomføring av tiltaka
- e) når tiltaka skal evaluerast.

Skulen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til femte ledd.

§ 9 A-5

Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider på skulen, krenker ein elev

Dersom ein som arbeider på skulen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skulen, utset ein elev for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering, skal vedkommande straks varsle rektor. Rektor skal varsle skuleeigaren.

Dersom det er ein i leiinga ved skulen som står bak krenkinga, skal skuleeigar varslast direkte av den som fekk mistanke om eller kjennskap til krenkinga.

Undersøking og tiltak etter § 9 A-4 tredje og fjerde ledd skal setjast i verk straks.

Førebyggjande tiltak:

- Skulane har faste rutinar for overgangen barnehage – barneskule – ungdomsskule. Skulen vurderer samansetjing av klassar og grupper ved oppstart på ungdomssteget etter dei opplysningane ein har fått frå barnesteget. Det blir tatt omsyn til eventuell tidlegare krenking.
- Ordensreglane til skulane uttrykker klart at krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering ikkje vert akseptert, og at det straks vert gripe inn mot slik krenking.
- Personalet og leiinga ved skulane er godt kjende med aktivitetsplikta i §§ 9 A-4 og 9 A-5, og veit at alle som arbeider på skulen har plikt til å følgje med, gripe inn og varsle dersom dei får kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.
- På alle trinn vert det gjennomført elev- og foreldresamtalar der trivsel er eit viktig tema. Skulane gjennomfører også:
 - "Elevundersøkelsen" frå 5.-10. trinn for å få kunnskap om elevane sin trivsel.
- For å førebygge krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering er det nødvendig med god kommunikasjon og tillit mellom elevar føresette og dei som arbeider i skulen. I slike saker er det ikkje noko som heiter sladring.
- Skulehelsetenesta og skulane samarbeider om førebyggjande tiltak.
- Skulen gir elevane utfordringar i utemiljøet ved å legge til rette for varierte aktivitetar.

§ 9 A-6

Fylkesmannen si handheving av aktivitetsplikta i enkeltsaker

Dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, kan eleven eller foreldra melde saka til Fylkesmannen etter at saka er teken opp med rektor. Fylkesmannen skal avgjere om aktivitetsplikta etter §§ 9 A-4 og 9 A-5 er oppfylt. Dersom saka ikkje er teken opp med rektor, eller om det er under ei veke sidan ho vart teken opp, skal Fylkesmannen avvise saka, med mindre særlege grunnar gjer dette urimeleg. Det same gjeld dersom saka ikkje gjeld skulemiljøet på skulen der eleven går når saka blir meldt til Fylkesmannen. Skulen og skuleeigaren skal utan hinder av lovfesta teieplikt leggje fram alle opplysningar som Fylkesmannen meiner må til for å greie ut saka. Fylkesmannen skal sørge for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i Fylkesmannen si saksbehandling. Kjem Fylkesmannen til at skulen ikkje har oppfylt aktivitetsplikta etter §§ 9 A-4 og 9 A-5, kan Fylkesmannen vedta kva skulen skal gjere for å sørge for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø. Det skal setjast ein frist for gjennomføringa av vedtaket, og Fylkesmannen skal følgje opp saka. Fylkesmannen kan vedta reaksjonar etter skulen sitt ordensreglement, jf. § 9 A-10, eller at ein elev skal byte skule, jf. § 8-1 fjerde ledd. Avgjerda til Fylkesmannen er eit enkeltvedtak og kan påklagast etter reglane i forvaltningsloven. Skuleeigar har ikkje klagerett.

- Skulen har ekstra merksemd på dei skjerma områda av skuleområdet.
- Skulen si inspeksjonsordning er oppdatert og maksimal til ei kvar tid.
- Klassemiljøet blir drøfta og miljøfremmande tiltak skal gjennomførast i alle klassar jamnleg.
- Krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering er tema i alle klassar kvart år. Klassane arbeider med gode haldingar – det er viktig å bry seg. Klassereglar mot krenking er faste tema i klassemøta.
- Skulen gjennomfører miljøtiltak på tvers av trinna t.d. felles turar, prosjekt og liknande.
- Konflikter vert raskt handtert
- Skulen er særskild merksam på jentemobbing som blick, kroppsspråk og utestenging.
- Skulen nyttar loggbok fast og planmessig.
- Kontaktlærer gjennomfører minimum to elevsamtaler i året.
- Foreldre/føresette blir oppfordra til å spørje elevane og melde frå om signal som kan tyde på at krenking førekjem.
- Foreldre blir oppfordra til å vere særskild merksame på teikn på nettmobbing og mobiltelefonbruk.
- Elevmiljøet ved skulen er fast samtaleemne på utviklingssamtaler med føresette. Temaet krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering blir tatt opp på klasseforeldremøte, FAU, samarbeidsutval og skulemiljøutval.

§ 9 A-7 Det fysiske miljøet

Skulane skal planleggjast, tilretteleggjast og drivast slik at det blir teke omsyn til tryggleiken, helsa, trivselen og læringa til elevane. Det fysiske miljøet i skulen skal vere i samsvar med dei faglege normene som fagmyndigheitene til ei kvar tid tilrår. Dersom elevmiljøet avvik frå desse normene, må skulen kunne dokumentere at miljøet likevel har tilfredsstillande verknad for helsa, trivselen og læringa til elevane. Alle elevar har rett til ein arbeidsplass som er tilpassa behova deira. Skulen skal innreiast slik at det blir teke omsyn til dei elevane ved skulen som har funksjonshemmingar. Dersom ein elev eller forelder eller eit av råda eller utvala ved skulen der desse er representerte, ber om tiltak for å rette på fysiske miljøtilhøve, skal skulen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningsloven. Om skulen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det kunne klagast etter føresegnene i forvaltningsloven som om det var gjort enkeltvedtak.

§ 9 A-8

Elevdeltaking i arbeidet med skulemiljøet.

Elevane skal få ta del i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø. Elevrådet kan opptre som representantar **til å** varetta elevane sine interesser overfor skulen og styresmaktene i skulemiljøsaker. Dersom det finst eit arbeidsmiljøutval eller liknande ved skulen, kan elevane møte med opp til to representantar når utvalet behandlar saker som gjeld skulemiljøet.

- Skulen gjennomgår/evaluerer handlingsplanen kvart år. Planen vert drøfta i elevråd, FAU og skulemiljøutvalet.

Faresignal/kjenneteikn på krenking:

- Aukande fråvere frå skulen/kroppsøvingstimar
 - Vondt i magen/hovudet spesielt om morgonen, mange fråversmeldingar
 - Få venner, går/står ofte åleine
 - Engsteleg, sein til å forlate klasserommet i friminutta/vil ikkje ut/søkjer kontakt med lærar
 - Humørsvingingar/tar lett til tårene/aggressiv i konflikhtar
 - Søkjer yngre venner
 - Ofte deprimert
 - Plutseleg fagleg tilbakegang
 - Øydelagde kle/ fysiske skadar
 - Teikn på seksuell trakassering
- Vert brukt/narra til å gjere dumme ting

Rutinar for aktivitetsplikt

- 1) Dersom tilsett får mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen:
 - Straks varsle rektor
 - Saka skal straks undersøkast
 - I alvorlege tilfelle varslar rektor skuleeigar
- 2) Når elev seier at skulemiljøet ikkje er trygt og godt:
 - Finn tiltak som gjer at eleven får

§ 9 A-8 (fortsetjing)

Representantane skal bli kalla inn til møta med talerett og rett til å få meininga si protokollert. Dei skal ikkje vere tilstades når utvalet behandlar saker som inneheld opplysningar som er omfatta av lovfesta teieplikt.

Representantane skal få den informasjonene dei treng, men ikkje opplysningar som er omfatta av lovfesta teieplikt. I den mon det trengst, har dei rett til opplæring for å skøtte oppgåvene og fritak frå undervisninga.

§ 9 A-9 **Informasjonsplikt og rett til å uttale seg**

Skulen skal informere elevane og foreldra om rettane i dette kapitlet. Skulane skal òg informere om aktivitetsplikta etter §§ 9 A-4 og 9 A-5 og om høvet til å melde saka til Fylkesmannen etter § 9 A-6.

Dersom skulen finn ut at noko ved skulemiljøet kan skade helsa til elevane, skal elevane og foreldra snarast mogleg varslast om det. Samarbeidsutvalet, skuleutvalet, skulemiljøutvalet, elevradet og foreldra skal haldast informerte om alt som er viktig for skulemiljøet, og så tidleg som mogleg takast med i arbeidet med skulemiljøtiltak. Dei har rett til innsyn i all dokumentasjon som gjeld det systematiske arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø, og har rett til å uttale seg og komme med framlegg i alle saker som er viktige for skulemiljøet.

§ 9 A-10 Ordensreglement

Kommunen skal gi forskrift om ordensreglement for den enkelte grunnskule,

eit trygt og godt skulemiljø

- 3) Når undersøking viser at elev ikkje har det trygt og godt:
 - Finn tiltak som gjer at eleven får eit godt og trygt skulemiljø
 - Involverte elevar blir høyrde
- 4) Når det skal lagast tiltak i ei sak:
 - Skulen lagar skriftleg tiltaksplan
 - I planen skal det stå:
 - a) kva problem saka skal løyse
 - b) kva tiltak skulen har planlagt
 - c) når tiltaka skal gjennomførast
 - d) kven som er ansvarleg for gjennomføring av tiltaka
 - e) når tiltaka skal evaluerast.
 - Skulen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta

Tilsett ved skulen krenkjer elev (§9A-5)

- 5) Dersom tilsett ved skulen får mistanke om eller kjennskap tilat ein annan som arbeider ved skulen utset elev for krenking av noko slag:
 - Straks varsle rektor
 - Rektor varslar skuleeigar
 - 6) Dersom det er ein i leiinga av skulen som står bak krenkinga:
 - Straks varsle skuleeigar direkte
 - Undersøking og tiltak etter § 9 A-4
- tredje og fjerde ledd vert straks sett i verk

§ 9 A-10 (fortsetjing)

og fylkeskommunen skal gi forskrift om ordensreglement for den enkelte vidaregåande skule.

Reglementet skal gi reglar om rettane og pliktene til elevane så langt dei ikkje er fastsette i lov eller på annan måte.

Reglementet skal innehalde reglar om orden og oppførsel, om kva tiltak som kan nyttast mot elevar som bryt reglementet, og om korleis slike saker skal behandlast.

Skulen kan berre nytte tiltak som er fastsette i ordensreglementet. Tiltaka skal ikkje innebere fysisk refsing eller anna krenkande behandling. Før det blir teke avgjerd om tiltak, har eleven rett til å forklare seg munnleg til den som skal ta avgjerda.

Ordensreglementet skal gjerast kjent for elevane og foreldra. Kravet i forvaltningsloven § 38 første legg bokstav c om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje.

Dei fem aktivitetspliktene

1. Følgje med
2. Gripe inn
3. Varsle
4. Undersøke
5. Setje inn eigna tiltak

Skulen skal akseptere eleven sin oppleving av skulemiljøet. Å bagatellisere det eleven har opplevd, er i seg sjølv ei krenking

Tiltaksplan ved krenking elev-elev

1. Når det vert meldt frå om eller oppdaga eit krenking, skal følgjande prosedyre følgjast:

- Den som får melding om eller oppdagar overgrepet skal stoppe den aktuelle situasjonen.
- Alle som oppdagar krenking skal gripe inn og *melde frå til kontaktlærer og rektor*, og signalisere at dette ikkje vert godteke og at saka vert følgt opp.
- Rektor har ansvar for korrekt sakshandsaming i høve lovverket.
- Kontaktlærer har straks ein samtale med offeret. Andre tek over klassen.
- Beskriv hendinga, mål og tiltak skriftleg
- Gje støtte ved å seie at du veit om hendinga og at skulen skal hjelpe.
- Informer om korleis skulen skal arbeide med saka.
- Gje stabil oppfølging – avtal nytt møte.

2. Samtale med dei som har vore med på krenkinga ein og ein.

- Beskriv hendinga, mål og tiltak skriftleg
- "Gå rett på" mobbaren og understrek alvoret i situasjonen.
- Ikkje godta bortforklaringar – still spørsmål- "Kva kan du straks gjere for å få slutt på mobbinga?"
- Tilby samarbeid – bruk fantasien for å finne ut kva du kan få eleven med på.
- Informer om korleis skulen skal arbeide med problemet framover.
- Informer mobbaren om at han/ho har gjort noko ulovleg og kva sanksjonar skulen har.
- Legg vekt på eleven sine positive sider, og gjer det klart det er krenkinga som ikkje vert godteken.
- Avtal dato for neste møte

Vilje og evne til å sjå

«Du ser det ikkje før du trur det»

- Bruk auga og øyra
- Øve opp eit finmaska blikk
- Samtalar – spør og spør ein gong til!
- Ver merksam på endring i åtferd
- KD: «Skolen kan ikke unndra seg ansvar ved å vise til at de ikke visste hva som foregikk eller ikke hadde mistanke»

Undersøkingar –kva og kor langt?

• Finne ut kva som ligg bak elevane si oppleving eller tilsette sin mistanke

• Handlar ikkje om å finne og vurdere prov for eller mot at krenkingar eller mobbing har skjedd.

Ein må ha kunnskap for å kunne velje dei rette tiltaka !

Når varsle skuleeigar?

- I særleg alvorlege tilfelle - døme:
 - særleg valdelege krenkingar
 - svært integritetskrenkande
 - fleire elevar har krenka enkeltelev alvorleg
 - skulen har ikkje klart å løyse saka
 - digital mobbing på tvers av skular
 - grove trugsmål, t.d. på sosiale media

3. Vurder om det skal haldast meklingsmøte. Bli einige om tiltak og mål.

- Kontakt føresette til både offer og mobbarar.
- Heile personalet vert informert og ekstra inspeksjon vert vurdert.
- Skriftleg plan for tiltak og dokumentasjon av det som er gjort vert arkivert i elevmappene.

4. Det er viktig med dokumenterte oppfølgingsmøte. Føresette skal haldast informerte undervegs.

5. Kontaktlærar og rektor vurderer om andre i hjelpetenesta skal involverast.

Tiltaksplan mot krenking på skulebussen/-skyssen.

Alle sjåførar har same praksis når det vert oppdaga krenking på bussen:

1. Viss sjåføren oppdagar mobbing går han/ho til mobbaren ved første stoppestad. Sjåføren seier at han/ho har oppdaga mobbing. Mobbaren flyttast framover i bussen slik at sjåføren kan følgje med vedkommande
2. Eleven får beskjed om at mobbing vert rapportert til skulen v/rektor.
3. Sjåføren gir munnleg eller skrifteleg melding til rektor.

Aktuelle tiltak ved krenking av medelev:

- Mobbar sit på rektorkontoret i friminutta.
- Ekstra tilsyn i friminutta.
- Mobbar må gå saman med lærar som har inspeksjon i friminutta.
- Tap av friminutt
- Mobbar må komme/gå – før/etter skuletid.
- Følgje til/frå skulen.
- Utføre ulike arbeidsoppgåver
- Mobbar vert utvist frå skulen
- Mobbar må bytte skule

Eleven si oppleving av å ikkje ha et trygt og godt skulemiljø skal alltid utløyse aktivitet og tiltaksplikt

Tiltaksplikt er uavhengig av om eleven ønskier det

